

Møtereferat

Dato: 19. oktober 2021

Emne:	Næringsforum		
Til stades:	Bård Sandal, Bjarte Hysing-Olsen, Elin Sjødin Drange, Geir Kåre Resaland, Helene Frihammer, Roger Pilskog, Rigmor Fardal, Heidi Fosslund, Bjørn Lødemel, Mette Nora Sætre, Kathrin Jakobsen, Randi Lotsberg, Jone Engelsvold.		
Forfall:	Roger Aasarmoen, Margareth Hagen, Geir Mikalsen, Nina Broch Mathisen, Christian Rekkedal og Øystein Høyvik	Sak:	
Møtetid:	Fredag 19. oktober 2021 kl 1400 – 1600	Møtestad:	Digitalt

Møteleiar: **Bård Sandal**

Referent: Gisle Johanson

Sak 39/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det er ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak 40/21: Godkjenning av referat 24. september 2021

Deltakarlista ble retta opp og referat frå 24. september 2021 vert godkjent.

Sak 41/21: Regional plan for innovasjon og næringsutvikling «Berekraftig verdiskaping»

Randi Lotsberg gjorde reie for status i prosessen og forslag til handlingsprogram. Partnerskapet hadde følgjande kommentarar:

- Målsetjing for eksportutvikling bør formulerast. Det var vist til Hurdalsplattformen si målsetjing om 50 prosent vekst i eksport utanom olje og gass innan 2030.
- Bergen si rolle for innovasjon og kunnskapsutvikling bør komme betre fram. Synleggjere samspelet mellom storbyen Bergen og andre deler av fylket. Bergen er kjend internasjonalt og må nyttast i merkenamn som Havbyen Bergen og Invest in Bergen som er tiltak som famnar om heile fylket.
- Tiltaket Heilskapeleg entreprenørskapsstøtte bør koordinerast med Innovasjon Norges tiltak på same område.
- Få fram at det er viktig å utvikle areal som gjev moglegheit for etablering av ny grøn næringsverksemd. Invest in Bergen si rolle bør også nemnast.

Næringsforum vil få eit meir samla forslag for kommentar på morgonen tysdag 26. oktober. Frist for tilbakemelding vil vere kl. 24.00 onsdag 27. oktober."

Konklusjon: Vestland Næringsforum tek orienteringa til vitande med dei over nemnte innspel

Sak 42/21: Temaplan forskning, løypemelding

Jone Engelsvold innleia på bakgrunn av utsendt notat.

Næringsforum tok arbeidet med Temaplan forskning Vestland fylke 2022 – 2027 til vitande med desse kommentarane: Det vart peika på at planarbeidet hadde vore ope og inkluderande. Medlemene i Næringsforum har elles ikkje vesentlege merknader til planutkastet. I ordsiftet vart det kommentert at arbeidet med forskning i Vestland fylke må bidra til mål i eksportstrategi og at temaplanen må legge grunnlag for å posisjonere aktørar frå Vestland inn mot EU sitt Horisont program. Dette vert teke med vidare i arbeidet med planen.

Sak 42/21: Statsbudsjett 2022 og Hurdalsplattformen – kva tyder dei for Vestland

Bård Sandal innleia og inviterte partnerskapen til å dele sine refleksjonar om kva den nye regjeringa og framlegg til statsbudsjett vil tyde for utviklinga i Vestland.

- NHO Vestland trakk fram at det er positive signal med tanke på klimapolitikk og satsing på ny grøn verksemd. NHO etterlyser eit CO2-fond for næringslivet.
- NAV trakk fram at Covid-tiltaka vert forlenga ut 2021 og at den nye regjeringa har varsla innsats for inkluderande arbeidsliv og styrka arbeidsmarknadstiltak.
- SIVA er nøgd med at deira rolle for å leggje til rette for å klargjere industriotter for grøn verksemd er trekt fram.
- Forskningsrådet er opptatt av at det er naudsynt med auka satsing på forskning nasjonalt og regionalt
- HVL legg vekt på at den nye regjeringa gjer positive signal om finansiering av fleir-campus institusjonar

Møtedato: Neste møte i Næringsforum Vestland vert 14. Desember 2021